

Arkivnr: 2014/11423-8  
Saksbehandlar: Erlend Hofstad, David Sandved

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016
Fylkesutvalet		20.09.2017

**Forslag om forskrift om freding av Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun i Bergen kommune. Høyringsfråsegn****Samandrag**

Riksantikvaren har sendt på høyring eit forslag til fredingsforskrift for Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun i Bergen kommune. Fredinga vil omfatta både sjølve skinnegangen med tilhøyrande konstruksjonar og tekniske installasjonar samt ei rekkje bygningar og strukturar langs lina. Jernbaneanlegget er eit viktig samfunnshistorisk og teknisk kulturminne, der samspelet med landskapet bidreg til unike opplevingsverdiar. Denne jernbanestrekninga har sidan 1960-åra ikkje vore del av hovudtraseen til Bergensbanen, og i dag vert det drive museumsjernbane her. Med ei austre avslutting ved Tunestveit vil fredinga ikkje legge føringar for planlegginga av ein oppgradert jernbane langs Sørfjorden. Riksantikvaren foreslår at forvaltingsmynde etter kulturminnelova for Gamle Vossebanen vert overført til Hordaland fylkeskommune. Bergen kommune har slutta seg til fredingsforslaget.

Denne saka vart først handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. april 2016, PS 62/2016. Utvalet gjorde då vedtak om å utsetja saka til Bergen kommune sin uttale ligg føre. På vegne av kommunen har byrådet i Bergen gitt høyringsuttale, vedteke i byrådsmøte 12. mai 2016. Kommunen sluttar seg til fredingsforslaget, med nokre supplerande merknader knytt til flomsikring, boligvekst, tverrforbindelsar og sykkelveggar. Uttalen er lagt ved.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun i Bergen kommune. Fredinga vil sikra ein kulturhistorisk særskild verdifull jernbanestrekning.
2. Fylkesutvalet støttar at forvaltingsmyndet etter kulturminnelova for Gamle Vossebanen vert delegert til Hordaland fylkeskommune, slik det er foreslått.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Høyringsbrev
- 2 Forslag til fredingsforskrift
- 3 Kart
- 4 Byrådsvedtak
- 5 Høyringsuttale Bergen kommune

#### **Fylkesrådmannen, 22.08.2016**

##### **Bakgrunn**

Prosjektet «Statens kulturhistoriske eiendommer» vart starta opp i 2002 for å koordinera ein gjennomgang av statleg eigedomsmasse i sivil sektor. Frå hausten 2009 overtok Miljøverndepartementet ved Riksantikvaren ansvaret for prosjektet. Formålet er å bevare og gje eit formelt vern til eit representativt utval statlege eigedomar som kan dokumentere viktige sider av statleg verksemd, eller som av andre grunner har høg kulturminneverdi. Gjennomføringa av det statlege vernearbeidet er lagt til den enkelte samfunnssektor og munnar ut i sektorvise landsverneplanar. På grunnlag av landsverneplanane vert eit representativt utval kulturminne freda gjennom forskrift etter kulturminnelova § 22 a. Jernbaneverket har arbeidd med verneplanar for sine kulturminne sidan 1990-åra, og ei rekkje jernbanebygningar vart freda i perioden 1994-2007. Nokre utvalde jernbanestrekningar er freda dei siste åra, medan andre er under freding. Ulikt dei andre landsverneplanane vert det ikkje laga ei samla fredingsforskrift, men fleire separate. Det er ei eiga forskrift om freding av Gamle Vossebanen, strekninga Tunestveit-Midttun som Riksantikvaren no har sendt på høyring.

Jernbanen frå Bergen til Voss vart bygd som smalspora bane i åra 1875-1883 og bygd om til normal sporbreidde i 1904, i samband med forlenginga av Vossebanen til Bergensbanen. Med opninga av Ulriks- og Arnanipatunnelane i 1964 vart det som i dag er kjent som Gamle Vossebanen til eit sidespor, med avgrensa godstrafikk fram til 2001. Den frivillige foreininga Norsk Jernbaneklubb byrja å restaurera Gamle Vossebanen i 1981, og sidan 1993 har dei drive museumsjernbane med veterantog på strekninga.

Fredinga vert avgrensa til strekninga frå Tunestveit (km 459,48), dvs. der Gamle Vossebanen tek av frå dagens trase, til endepunktet for det bevarte jernbanesporet på Midttun (km 480,9), og omfattar sjølve skinnegangen med tilhøyrande konstruksjonar og tekniske installasjonar. Ei rekkje bygningar og strukturar langs lina vert òg freda utvendig. (Garnes stasjon med uthus, vognremisse og lokstall har vore freda sidan 2002.) Jamført med oppstartsvarelet for fredingssaka i 2014 er omfanget innskrenka, ved at strekninga Trengereid-Tunestveit er teke ut av fredingsforslaget. Denne er i full drift som del av Bergensbanen, og Riksantikvaren meiner difor at andre samfunnsmessige omsyn veier tyngre enn kulturminneverdiane. Riksantikvaren vil vurdera å freda også denne strekninga, dersom den etter omlegging/modernisering av Bergensbanen ikkje lenger er del av den trafikkerte strekninga.

Banen og bygningane framstår i dag som i relativt god stand. Fredinga vil ikkje vera til hinder for vidareføring av museumsjernbanedrifta. Alle byggverk og anlegg som vert foreslått freda er i statleg eige

ved Jernbaneverket. Riksantikvaren foreslår at forvaltingsmyndet etter kulturminnelova vert overført til Hordaland fylkeskommune.

Denne saka vart først handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. april 2016, PS 62/2016. Utvalet gjorde då vedtak om å utsetja saka til Bergen kommune sin uttale ligg føre. På vegne av kommunen har byrådet i Bergen gitt høyringsuttale, vedteke i byrådsmøte 12. mai 2016. Kommunen sluttar seg til fredingsforslaget, med nokre supplerande merknader knytt til flomsikring, boligvekst, tverrforbindelsar og sykkelveggar. Uttalen er lagt ved.

### **Vurdering**

Jernbanetraseen til Gamle Vossebanen er eit særst verdifullt kulturminne. Jernbaneanlegget er både eit viktig teknisk kulturminne og eit sentralt vitnesbyrd om moderniseringa og nasjonsbygginga på 1800-talet, medan samspelet med landskapet bidreg til unike opplevingsverdier. Baneanlegget har nasjonal kulturminneverdi, både i seg sjølv og som representant for hovudlinene i det norske jernbanenettet, og det er soleis et godt fredingsobjekt. Gjennom drifta som museumsjernbane er funksjonen til Gamle Vossebanen i dag først og fremst å vera eit kulturminne. Fredinga vil byggja opp under denne eksisterande aktiviteten, sikra dei fysiske rammene kring museumsjernbanedrifta og bidra til å ta vare på eit heilskapleg, levande teknisk kulturminne med stort potensiale for formidling og oppleving.

For å bevare dei særskilte kulturhistoriske og opplevingsmessige verdiane til eit historisk jernbaneanlegg er det viktig at eit lengre, samanhengande strekk vert freda. Det er òg ei styrke at fredingsforslaget omfattar alle element knytte til jernbaneanlegget, for å sikra vern av eit mest mogleg heilskapleg kulturminne. Reint kulturminnefagleg ville det vore høveleg med ei avgrensing som ved oppstart av fredingssaka, dvs. heilt fram til Trengereid. Men, som Riksantikvaren peiker på, er det tunge samfunnsmessige omsyn knytt til ein modernisert Bergensbane. På det noverande stadiet av planlegginga er det for tidleg å seia korleis ei oppgradert eller ny trase vil påverka kulturminneverdiane til den eksisterande jernbanelina frå Tunestveit og austover. Det er difor gode grunnar for at dette strekket er tatt ut av fredingsforslaget. Samstundes vert det då særleg viktig at ein i den vidare planlegginga arbeider for at kulturminneverdiane her vert teke omsyn til, så langt dette lar seg forlika med dei krava ein ny trase stiller.

I utgangspunktet er det Riksantikvaren som er forvaltingsmynde etter kulturminnelova for freda kulturminne i statleg eige, men dette ansvaret kan òg overførast til den regionale kulturminneforvaltinga. For Gamle Vossebanen foreslår Riksantikvaren at forvaltingsmyndet vert overført til Hordaland fylkeskommune. Frå før er fylkeskommunen forvaltingsmynde for enkelte andre freda kulturminne i statleg eige, mellom anna jernbanestasjonar, og det vert då naturleg at det same gjeld Gamle Vossebanen. Dessutan vil ei slik overføring av forvaltingsmyndet vera i samsvar med prinsippet om ein klarare ansvarsfordeling innan kulturminnevernet, med førstelinje forvaltingsoppgåver delegert til fylkeskommunane og ein meir reindyrka direktoratsfunksjon for Riksantikvaren.